

# ÅRSMELDING ALDERSFASTLAGD FOTBALL

2017



## Aldersfastlagt – Sogndal IL Fotball

Breiddestyret 2017:

Leiar: Frank Heggstad

Miniputtkontakt: Katrine Wolff Bolseth

Dommar/Fair Play kontakt: Brede Nymark

Utdanningskontakt: Andrea Strand Solbakken

Sportskoordinator gutefotball: Tom Rune Kongelf

Sportskoordinator jentefotball: Jan Rune Årøy

Materialforvaltar: Morten Læg Reid

Det var lite endringar i Breiddestyret 2017. Einaste endringa var at Aina Bøe gav seg etter mange års god innsats som dagnadsansvarleg. Sidan administrasjonen i Sogndal fotball skulle bruke meir ressursar på å organisere dagnadsarbeidet, vart det ikkje henta inn erstattar for Aina.

I seriespelet i fylke er det stor aktivitet og god innsats

frå Sogndal sine lag. Følgjande lag vart

kretsmeistrar 2017: Damer 4.divisjon og G 15/17 år. Sogndal Fotball gratulerer kretsmeistrane!

Dommararbeidet i klubben går også bra! Sogndal vart på kretstinget kåra til ein av dei fem beste dommarklubbane i 2017!

Sogndal Fotball har som vanleg arrangert Lerum Cup. Dette er ein turneringa for årsklassane 10-14 år

I tillegg har Sogndal Fotball arrangert to Konglerike turneringar(mai og september) og Bendit Cup over 2 dagar siste helga i oktober.

Styret vil til slutt takke alle foreldre, trenarar, lagleiarar, sjåførar og andre som har bidrege med dagnadsarbeid, for framifrå innsats i 2017.

Sogndal 26.02.18

---

Frank Heggstad

-leiar-

## Årsmelding Damer 2, 7ar – 4.div – 2017

For åttande året på rad stilte Sogndal med eit andrelag i 4 divisjon. Me starta å trene i januar med ein trening i veka, alle var ivrige og dette gjorde at me fekk gode treningar og vart ein samspelt gjeng.

Me hadde første kampen i byrjinga av mai. Med seks lag vart det kun ein avdeling. Motstandarane var Syril, Hafslo, Vik, Dale og Lærdal. Saman med kretsen bestemte laga at det vart dobbel serie. Etter 10 kampar viste tabellen 59-16 i målforskjell og 30 poeng, og me var suverene kretsmestarar i 4.div damer :)

På avslutningsfesten vart Katrine Bolseth kåra til årets spelar av sine medspelarar. Kari Bakke og Sonja Vikenes delte toppscorartittelen med 9 mål kvar.

Dugnad: Me har hatt ansvaret for barnepasset på Familietribuna dei siste seks åra, dette er ein kjekk dugnad.

Spelarar: Vivian Henjesand Sætre, Malin Kristoffersen, Renate Kvåle Hagen, Lise Marie Seljen, Hilde Nes Lægreid, Kari Johannesen Bakke, Inghild Lysne Sanden, Katrine Wolff Bolseth, Sonja Vikenes, Andrea Solbakken, Trine Ruud Sætre, Jori Skorve, Mari Jansen Kvåle, Kari Holen Loftesnes, Ann Mari Nondal Røysi, Hilde Katrine Hovland, Kristine Hus, Yvonne Sætre og Camilla Lerum Bondevik.

Trenar/lagleiar: Hilde Nes Lægreid



## Årsmelding SOGNDAL FOTBALL JENTELAG 2017

### **Dei som var med.....**

*Spelarane født i 2001 og 2002:* Amalie Sjøvoll Hauglund, Anna Fimreite Borger, Antonia Sandor (slutta til sommaren), Dorte Stedje, Elin Kvåle Holme (slutta før haustserien), Hedda Solheim Håkonsen, Helena Træland Navarsete, Ingvil Dybwad Mundhjeld, Ingvild Lerheim Olsen, Julie Xu, Julie Årøy, Kari Lovise Storegjerde Sætre, Kjersti Stende Selseng (slutta før haustserien), Kristin Bergheim Lykkeslett, Kristine Foss, Lina Stalheim Seldal, Malin Norheim, Martine Orrestad Andersen, Ronja Bøe Øygard, Tuva Eithun og Vilde Slåen Nornes. Fleire av spelarane har vore på kretslag, satsingslag og damelaget.

*Støtteteamet:* Jan Rune Årøy (hovudtrenar), Jon Navarsete (trenar), Geir Øygard (trenar), Odd Bjarne Norheim (keepertrenar), Eli Mundhjeld (hovudlagleiar), Aina Bøe (lagleiar, økonomi), Grete Sjøvoll Hauglund (lagleiar, dugnad).



KLARE FOR KVARTFINALE: Sogndal-laget med trenarar og apparat er glade for å ha nådd kvartfinalen i Norway Cup.

## Klare for kvartfinale

(J16 Sogndal - Nesodden 2-1) Sogndal putta to raske mål i fyrste omgang og klarte å halde grepet om Nesodden på Ekebergsletta torsdag kveld. Påskjøninga var kvartfinaleplass.

### **Det som skjedde.....**

*Innandørs KM:* J15 kvalifiserte seg til sluttspillet og tok der ein fin tredje plass. J16 gjekk ikkje vidare til sluttspillet.

*Vårserien:* Laget dominerte fullstendig sin avdeling og vant alle 10 kampane. Haustserien starta trått, men kom seg veldig mot slutten, og det vart til slutt andreplass på tabellen.

*NM J16 Telenor cup:* Kvalifisering på våren med seier mot Jotun og Stryn. I august møtte me Vålerenga i 1/8-delsfinalen og tapte.

*Førdecup:* Vant alle kampane og fekk stor pokal.



**Norway Cup:** Puljevinnar for tredje år på rad. Vant TV-kamp for tredje år på rad, i år mot Nesodden. Kom til kvartfinalen, men tapte der mot Herd, dvs. blant dei 8 beste laga av ca 100 i klassa J15/16.

**Andre hendingar i 2017:** Jentefotballens dag Kaupanger, NM J19 saman med damelaget, treningskamp mot Ørsta før vårserien. Trening med Erland Johnsen mot slutten av haustserien.

**Økonomi, dugnad, mm.....**

- Dugnad på eliteseriekampar og Lerumcup
- Kiosk på heimekampane
- Sponsorar i lag med damelaget: Elektro AS og Sogndal Taxi og Joar Solberg trafikkskule
- Sponsorar Norway Cup: Nortura, Lerum, Coop Extra, Meny og Intersport
- Foreldra - 😊



**Sogn Avis**

SPORT E-AVIS TIPS OSS NY ARRANGMENT KUNDESENTER LOGG UT

**Lekanger**  
www.lk.no

**Ei oppvisning i effektiv angrepsfotball**

Berre halve bana var i bruk då Sogndal mette Nardo 6-delsfinalen i A-sluttspillet torsdags morgon. Så å seia alt skjedde framfor Nardo-keeperen.

rapport

**STAO NO PAO!**

## Årsmelding 2017

### Sogndal jenter 2003 og 2004

Sogndal 2003 og 2004 jenter har trena saman denne sesongen. Sogndal J13 har hatt 16 spelarar i 2017. Maja Nygård Rømme flytta til Kaupangar og bytta klubb etter sommaren. Sigrid Orheim Mundal frå Fjærland kom som ny spelar i haust. Sogndal J14 har hatt 11 spelarar. I serien har vi stilt med to 9-ar lag. Sogndal 1 var 11 jenter født i 2003 og 3 jenter født i 2004 (Vilde H. Reknes, Vårin Aaberge og Emma Husum). Sogndal 2 var 13 jenter fødd i 2004.

Jenter 04 har deltatt på 4 cupar. Vi stilte med eit 9-erlag på Jentefotballens dag på Kaupanger. Vidare stilte vi med eit 9erlag på Lerumcup og eit lag på Hamarcup. Etter ein dårleg serierunde for Sogndal 2 kunne vi glede oss over gode resultat både på Lerumcup og i Hamar der vi kom til kvartfinalen i A-sluttspillet.

Jenter 03 var med på Jentefotballens helg med eit 9erlag. På Lerum Cup, der det vart andre plass i turneringa. Me tapte 3-0 for Austevoll i finalen. Årets høgdepunkt var Norway Cup. Jentene og foreldra hadde jobba svært godt med diverse dugnader i forkant: Vaffel- og loddsal, flaskepanting, sal av karamellar og kjeks, bossplukking, og fått inn nesten det me trengde av midlar for å reisa til Oslo. På Norway Cup stilte me 7år lag, og berre dei 11 jentene fødte i 2003 var med. I Oslo gjekk det over all forventning. Me vart gruppevinnar og tok oss heilt til 8delsfinalen i A-sluttspillet. Her vart me slått av eit svært godt palestinsk lag. Opphaldet i Oslo vart ein stor suksess både sportsleg og sosialt. Etter å ha komme på andre plass i vårsesongen, stilte Sogndal 1 i 1. divisjon og møtte gode lag frå Sunnfjord og Nordfjord. Haustsesongen blei derfor tøff. Det positive var at me tok poeng frå dei beste laga. Blant anna var me det einaste laget som tok poeng (0-0) frå kretsmeister Førde. Ein kjærkommen siger vart det og mot Stryn. Alt i alt har me hatt ein bra sesong – hatt det mykje moro.

Før jul hadde vi avslutning for alle 04- og 03 jentene på Malin der nesten alle jentene deltok. Kjempetriveleg!

Støtteapparat: Magdalon Sætre (hovudtrenar) Kjell Vidar Johansen (trenar) Hugo Wikan (trenar) Oddvar Husum (trenar) Inger Sølvi Flåten (keepertrenar) Gyril Fimreite (hovudlagleiar) Yvonne Sætre (lagleiar) Tordis Ospeseter (lagleiar) Frank Hofslundsengen (lagleiar)

Spelarar 04: Marie Kollsete Maria Holm Wikan Kirsti Fimreite Borger Ingrid Marie Bergheim Lise Meisterplass Vilde Heggstad Reknes Ingrid Johansen Emile Ylvisåker Vedvik Frida Hofslundsengen Emma Husum Vårin Aaberge Tiril Nes Tonje Frækaland Live Skartun Kristina Aaberge Maja Nygård Rømme (slutta sommar 2017) Sigrid Orheim Mundal (byrja haust 2017)

Spelarar 03: Synne Vikdal Krogh Tonje Kalvatn Øvretun Annika Flåten Tea Ospeseter Sletten Maria Sætre Veum Sara Nordheim Vilde Resaland Amalie Xu Arsema Berhanu Dorthe Selseng Tale Lindblom



## Årsmelding Jenter 2005

Laget:

Vi har vært 20 jenter gjennom sesongen. Mistet en spiller før sesongstart, men fikk en ny spiller i løpet av sesongen. Jenter 2005 har bestått av:

Lena Heggstad Andrea B Øygaard

Hanna L Breilid Tone Stenehjem

Eili D Ellingsen Laila Stenehjem

Ingrid Heggstad Ane Myklebust

Thea Sønnesyn Anne Bergheim

Thea B Dvergedal Kate Skjeldestad

Synne B Dvergedal Siri M Olsen

Ingvill Eikevik Andrea Weinbach

Jin Therese Schøyen Isabel Nordheim Grift

Helene Nordheim Carmen Victoria Fedje

Trening:

Vi startet sesongen med en trening i uka, men for det meste har jentene hatt trening mandager og torsdager.

Seriespill:

I år har J-05 stilt med to lag. Et lag i 12 års klassen og et lag i 13/14 års klassen. J-12 laget både vant og tapte kamper. J-13/14 vant en kamp, spilte en uavgjort og tapte de andre. Jentene på begge har hatt en fin utvikling og spilt fin fotball.

Turneringer:

Jentene har vært med på Lerum Cup og Maxi turneringen på Hamar.



#### Dugnader:

Laget har i år stilt med foreldre på dugnad under Lerum Cup 2017. Foreldre og jenter har hatt kioskdugnad + at jentene har vært på barnepass under A-laget sine hjemmekamper.

#### Avslutning:

Jentene hadde en liten avslutning til sommeren med bading i Lustrabadet etter en bortekamp mot Bjørn. I november arrangerte en far, Jørn Stenehjelm, avslutning for jentene i grendehuset på Kjørnes med bl.a besøk av A-lagsspillerne Johan Hove og Ulrik Fredriksen

#### Sponsorer:

Roald Øen AS, Skadesenteret Sogn AS og Stjerne Bygg.

#### Trenerteam:

Elisabeth Sætren (hovedtrener) Karianne Bergheim (lagleder)

Marusia Andreea Sandor Kirsti Møller Bruland (lagleder)

Navin (Bobby) Murugesh

Solfrid Skjerven Eikevik

Elisabet N Heggstad

Tone Bakke (keepertrener)

Bilde av jentene fra avslutningen før jul med Johan Hove og Ulrik Fredriksen





## **Årsmelding jenter 2006 (11år) sesongen 2017**

Me hadde eit foreldremøte i november for å få avklare interessen frå jentene med å spele 2018 sesongen og kva me skulle vere med på. Det var positiv holdning til å vere med på cupar, seriespel og reise på ein cup. Det vart bestemt at me skulle melde oss på Voss cup i juni 2017 og vere med på Lerum Cup. Skulle også vurdere ein anna cup på hausten.

Dette er den 6. sesongen jenter 2006 har spelt saman, og har hatt ein stor framgang frå i fjor! Me har nå ved avslutting av sesongen ein stall på 10 jenter.

### **Støtteapparatet 2017:**

Hovudtrenar: Jori S. Skorve, Bjarne Skorve og Steinar Selseng

Lagleiar: Steinar Selseng

**Spelarstallen:** Anja Wiborg, Ada Gunvordal, Synva Solstad Herfindal, Selma Feidje Rørvik, Jenny Feidje Rørvik, Selam Tesfay Tekle, Mia Stende Selseng, Naiher Biniam Teklay, Ella Mari Hodlekve Pettersen, Kaja Hjelmhaug.

### **Turneringar 2017:**

Voss Cup:

Laget stilte på Voss cup og dette var på ny ein kjempeoppleving for jentene. Få reise på turnering med overnatting i fellesskap og møte nye lag. Me var 9 av 2006 jentene som ville vere med og for å ha nok spelarar måtte låne Thea frå Bjørn på Voss Cup den 16-18/6. 2006 jentene tok godt vare på Thea og omvendt. Det vart eit godt samhold i jentene og dei fekk prøve seg mot lag dei ikkje spelar mot til vanleg. Det vart full pott på jentene på Voss og dei hadde ein kjempeoppleving der med masse fotball, diskotek, bading, bursdagsfeiring m.m.

Lerum Cup:

Lerum Cup vart også ein fin oppleving for jentene. Der var det 7-ar fotball og det hadde jentene godt av og få prøve. På denne cupen var me fulltallige og jentene hadde det kjekt i lag både på bana, utanfor bana og på tivoli om kvelden.

Jentene deltok og på Eat, move, sleep cup Sogndal 22/10.

### **Seriespel 2017:**

Me melde på lag i seriespelet og hadde første seriekamp 24. april. Me hadde 6 kampar før sommaren og 6 kampar etter sommaren. Siste seriekamp var 2. oktober. Me melde på eit lag i klassen 11 år og møtte lag frå Syril, Sogndal, Vik, Norane og Bjørn. Jentene klarde seg godt og hadde det moro på kampane. Alle jentene melde seg på til å vere med i seriespelet og trur ikkje dei angra på det. Trenarane såg fort at dette var ein god trening for jentene og gav meirsmak.

For å få gjennomført seriespelet innebar det litt dugnad frå foreldra si side. Det var kakebaking og kiosksal for å dekke opp dommarkostand. Det vart også litt køyring til bortekampane.

### **Treningar:**

Me starta fotballtreningane i februar og holdt fram til ut november. Oppmøtet på treningane har vore godt utifrå at me er fåe i utgangspunktet! Me har opplevd at jentene har hatt god motivasjonen heile sesongen! Treningane våre har me stort sett hatt i Storhallen, men nokre var på Kvåle. Me hadde både teknikk – og speltrening. Bjarne bidrog til mange gode teknikk treningar og har lært jentene masse også i år. Så fotballferdigheitene har absolutt betra seg. Forståinga for spelet har vore merkbart betre og regelverket har jentene skjønnt meir av utover sesongen, noko me såg att i

kampane me spela - fine dribleingar, mykje godt pasningsspel og gode skot varma trenarar og føresette på sidelinja!

På eine treninga fekk me Vilde Sofie Sleire frå Sogndal sitt damelag til å komme og ta treninga med jentene. Dette var spennande og jentene fekk sjå at damelaget til Sogndal trenar med same øvingane som me gjer. Trur dei hadde godt av det.

I oktober/november køyrde me nokre treningar saman med 2005 jentene. Dette hadde jentene godt utbytte av og dei klarde seg godt. Ser nok at for 2018 sesongen må ein nok få til eit samarbeid med 2005 jentene for å få til gode treningar for jentene utifrå at me er fåe.

Etter siste trening i slutten av november tok me ein lang fotballpause for å kunne delta på andre aktivitetar. Jentene har hatt tilbod om å vera med på Akademiet, og der nokon har vore med. Me ser fram til neste sesong, og håpar på like fin gjeng i 2018. Me satsar på oppstart av treningane i februar 2018.



Jentene på Eat, move, sleep turneringa i Sogndal. Står ikkje på utstyret.



Jentene på Lerum cup I



Jentene på Lerum cup II



Høgdepunktet for denne sesongen var Voss Cup ☺

#### **Dugnad:**

Foreldra til jentene på 2006 hadde dugnad på Lerum cup i juni. Heile dugnadsgjengen stilte godt opp og la ned ein stor innsats som sørgja for at cupen vart ei fin massemonstring denne gongen også.

Me hadde også dagnader på Sogndal sine heimekampar med kiosksalg.

#### **Oppsummering:**

Me har hatt ein kjempefin sesong med 3 cupar, seriespel og mange treningar. Fotballen har hatt stor oppslutnad, og det er svært kjekt at så mange av 2006-jenter i Sogndal har vore med heile sesongen. Dette er ein solid sosial arena der jentene er godt kjente på tvers av klassane, og alle har det kjekt i lag!

Ein ser at resultatene har komme i mykje større grad denne sesongen. Me har hatt mykje god fotball av jentene og lagspelet har komme mykje tydelegare fram. Ein merkar at dei ser kvarandre ute på bana og passningsspelet sit. Me har hatt gode resultat og me har fått prøvd oss mot lag me ikkje har møtt så mange ganger tidlegare i Voss cup, Lerum cup og Eat, move, sleep cupen.

Jentene har skora mange mål og ein har opplevd stor grad av mestring på bana. Dette er gjengs over blant alle spelarane.

Jentene har vore i godt humør om dei har vunne eller tapt og vist gode fair-play eigenskapar. Det har vore heia- rop frå sidelinja og lagsrop før og etter kamp! Laget har gjennom småspel lært mykje om fotball, og alle har hatt stor framgang.

I år tok me fotballavslutninga i Flostova med pizza og brus. Siste trening før sommarferien vart treninga avslutta med pizza frå pizza bakeren til jentene.

Det virkar som støtteapparatet blir det same for neste sesong også. Me har hatt god hjelp av foreldra også i 2017 for å få til ein fin sesong for jentene.

Helsing

Jori S. Skorve, Bjarne Skorve og Steinar Selseng



## Årsmelding Jenter 2007

Sesongen 2017 har vi hatt 24 aktive jenter totalt. Sesongen vart starta med eit foreldremøte, der trenarane gjekk igjennom plan for treningane i sesongen. Vidare informerte vi og om dugnader, seriespel og turneringar.

Spelarar:

Kaia L Breilid, Maria Skjeldestad, Sandra Bolseth, Tale Kjøstvedt, Vilde Stadheim, Mia Bakke, Madelen Flugheim, Kristina Hatlevoll, Kristina Holen, Elise Venes Kaja Frøyd, Eline Øygard, Mathea Wergeland, Erle Eithun, Mari Ylvisåker Guro Uglum, Guro Kristine Hågvard, Vilde Liljedahl, Elin Hodlekve, Malin Hofslundsengen, Tirill Mundal, Senit og Sidra.

### Målsetting før sesongen starta:

- Ha det moro på kvar trening, kamp og turnering
- Gje alle utfordringar og utvikling på sitt ferdigheitsnivå
- Prøve å få til keepertrening når det let seg gjere
- Melde opp på ein turnering ila året
- Få inn ein god treningskultur i gruppa
- Prøve å lage til periodeplaner
- Spond: bruke den til påmelding til turneringar og treningar

Vi har nådd målsetningane vi sette oss før sesongen starta.

### Treningar

Jente starta opp att med trening i mars og har helde på til november. På starten og slutten av sesongen har jentene trena inne i hallen, elles har dei vore ute på Kvåle. Jentene har hatt ei fast trening og ei frivillig trening i veka, noko jentene synes er kjekt.

Trenarane har vore svært flinke til å leggje opp til at jentene har hatt gode treningar, med variasjon og ulik vanskelegheitsgrad, det har vore godt oppmøte av jentene heile sesongen.

Mange av jentene har i tillegg vore med på Akademiet.

### Seriespel

Jentene stilte tre lag i serien, to lag hadde 4 kampar og eit lag hadde 5 kampar på våren og det same på hausten. Dette er noko som har vore ei kjekk oppleving for jentene, dei er byrja å glede seg til 7 ar fotball neste sesong

### Turneringar 2017

Jentene har delteke på fleire turneringar i år, noko dei synes har vore kjekt, og det har vore høg deltaking, så vi har stilt med fleire lag på alle turneringane.

### **Konglerike turnering:**

- 30. april Sogndal
- 11. juni Leikanger
- 27. august Hafslo
- 24. september Sogndal



**Voss cup** – 18.-20. juni -16 spelar var med på turneringa, veldig kjekt med overnatting og mykje kjekt sosialt , godt samhald blant jentene.

**Lerum cup** – 29.06-02.07

**Eat move sleep** – Sogndal, 21.10

### Dugnad

3 lag har spelt seriekampar, foreldre har derfor stilt på dugnad både med køyring og kiosk under kampar.

Vi har og arrangert to Konglerike turneringar med Gutar 2007, dette var veldig kjekt, men det har vorte mykje dugnad på støtteapparat og foreldre.

Lerum cup stilte vi med vakter i aktivitetsparken, her måtte alle stille, foreldre og støtteapparat.

### Trenarteam

Vegard Skjeldestad, Kari Johannessen Bakke, Ingvil Kongelf Stadheim, Jarle Flugheim, Ole Petter Hatlevoll, Kathrine Bolseth, Gunnhild Holen.

Lagleiarar, Monica Gjerde og Anne Siv Liljedahl



## Årsmelding 2017 for jenter født 2008 – Sogndal fotball

### Støtteapparatet/trenere:

Lena Gustavsen- trener  
Kenneth Heggstad - trener  
Ørjan Høgi - trener  
Dag André Mo - hovedtrener  
Hanne Hoff - hovedlagleder  
Olav Skjeldestad - lagleder  
Linn Kathrin Veum - lagleder

### Spillere:

Mari Hov Heggstad, Nathalie Høgi, Hanne Hollekve, Emma Øyri Thue, Regina Ylvisåker Ulltang, Maia Gustavsen Nes, Emilie Tangen Mo, Frida Næss-Olesen, Karoline Skjeldestad, Vilja Husabø Vatlestad, Maja Veum Tuftene, Stine Gustavsen, Tuva Stentvedt Kvigne og Vilma Hoff-Dalsøren

Totalt **14 spillere** - bra oppmøte på treningene



### Treninger

Treningsoppstart for jenter 2008 var tirsdag 31.januar. Vi har trent hver tirsdag i hallen, vi har ikke hatt utetreninger. Siste trening før sommeren, tirsdag 20.juni. Vi avsluttet med trening, fotballkamp spillere vs voksne, lek og is.

Oppstart etter sommeren – frivillig trening fra 2.august. Siste trening for sesongen var tirsdag 21.november som i tradisjonen tro ble avsluttet med fotballkamp mot foreldrene før kake og saft som avslutning. Marius Kloster var tilstede på en trening på vårparten.

### Turneringer

Eid cup 14.mai – to lag og 11 spillere  
Eat move & sleep 22.oktober – to lag med tolv spillere

### Konglerike

Sogndal, 30.april - to lag med ti spillere  
Leikanger, 11.juni - to lag med tolv spillere  
Gaupne, 27.august - to lag med ni spillere  
Sogndal, 24.september - to lag med 12 spillere



**Seriespill** - Vi har deltatt med to lag på seriespill J9/10, 5`er fotball. Det har vært 4-5 kamper på hvert lag vår og høst.

**Dugnad** – Lerumcup. Fem foreldre stilte på nattevakt/aktivitetspark; Kjartan Kvigne, Mette Næss, Svein Arne Thue, Iris Ylvisåker og Bjarte Vatlestad  
Kiosksalg på hjemmekamper i seriespill.

**Foreldremøte** – 22.mars med 12 foreldre. Vi gikk gjennom foreldrevettregler, treninger, påmelding til turneringer, seriespill, trenere, sportsplan og dugnader.

Generelt et bra år med motiverte jenter. Tre spillere har sluttet siden 2016, ved fravær har vi måttet låne spillere fra jenter 2009 i seriespill, 3-5 jenter 2009 har også deltatt på noen treninger

Hanne Hoff – hovedlagleder j 2008  
05.02.18



## Årsmelding sesongen 2017, J 8 – 2009

### Støtteapparat:

- Vidar Vadseth (trenar)
- Rune Bolseth (trenar)
- Dag Rune Stedje (trenar)
- Erik Brenne (trenar)
- Ole Petter Heggstad (trenar)
- Stine Johansen (lagleiar)
- Katrine Nyvoll Aadland (lagleiar)

<u>Spelarar:</u>
Marte Stedje Fauske
Alva Pettersen
Alvilde Tonheim Hågvar
Ella Reppen Hålien
Eli Margrethe L. Torheim
Ingrid Brenne
Maria Elisabeth Nesse Heggstad
Silje Nyvoll Aadland
Mia Vikøren Hodlekve
Malin Øren
Frida Wolff Bolseth
Julie Vadseth
Emilie Årøy
Ina Ynesdal Flåten (siste halve sesong)
Tiril Solbraa Vereide
Iben Engeseter Eliassen (slutta mot slutten av sesongen)
Yngvil Strøm-Sire (slutta i løpet av sesongen)
Emilie Jensen
Sigrid Lysgård
Elida Falck Husum

### Sesongen:

Me starta sesongen med fyrste trening 8. mars 2017. Laget starta sesongen med treningar onsdagar 16:45-18:00, og bytte til treningstid måndagar (litt ulikt klokkeslett) etter sommarferien. Det har vore godt oppmøte på treningane (rundt 20 spelarar). Nokre spelarar er komne til, medan nokre har slutta. Me har avslutta kvart semester i sesongen med frukt/smoothie etter trening. Siste ordinære trening for sesongen var 23. oktober 2017. Me fortsette med frivillig trening ut november med god deltaking.

Me har delteke på alle Kongleriketturneringane og Eat Move Sleep- turneringa.

1. 30. april: Sognahallen, 3 lag -16 spelarar
2. 11. juni: Leikanger, 3 lag -17 spelarar
3. 27august: Gaupne, 3 lag -17spelarar
4. 24. september: Sogndal, 2 lag -14 spelarar
5. 22. oktoberEat, Move Sleep, 3 lag -16 spelarar

Eitt lag deltok også på Eid-cup den 14.mai.2017.

Dugnad:

Av dugnad har me delteke med innsats på Lerum-cup, med tre nattevakter og seks personar på vakt i aktivitetsparken i Sentrumsparken. På Eat, move, sleep turneringa delte dugnad med gitar 2009 ein av dagane til turneringa.



Stine Johansen og Katrine N. Aadland  
(lagleiarar)

## Årsmelding Jenter 2010

I 2017 sesongen har me vore 19 aktive jenter i vårsesongen og 18 i haustsesongen. Ei jente har slutta grunna flytting. Heilt på slutten av sesongen kom det ei ny jente som ville vera med å spela fotball med oss. Ho var med på siste turneringa.

**Trening:** Me starta opp igjen med fotballtreningar onsdag 22. Mars. Trening 1 gang i veka i Sognahallen frå 22.03.17. 22 Siste trening 29. November. Opphald med fri frå trening i skuleferien om sommaren.

**Turnering:** Jenter 2010 har delteke på alle fire kongleriketturneringa. Me har hatt 3 lag påmeldt på kvar turnering. I tillegg stilte me med 3 lag på Eat Move and Sleep turnering i Sogndal 21-22.oktober.

**Dugnad:** Under Lerum Cup stilte me med 4 nattevakter og under Eat Move Sleep turneringa i Sognahallen hadde me stordugnad med ansvar for avviklinga av turneringa heile søndagen. Dette fekk me til med innsats frå så og seie alle foreldre rundt laget og fekk inn gode pengar på konto.

**Avslutning:** Til sommaren hadde me avslutning med pizza og fotballkamp på Campus. Me såg kampen mellom Sogndal- Odd. 2017 sesongen vart avslutta med god frukt etter siste trening 29.11.17.

**Sesongen:** Det er veldig bra oppmøte på trening, og innsatsen er kjempe god. Me har hatt mange trenarar, og det har vore viktig ift å følgje opp på trening.

Trenarane er flinke å varierer treninga, og mange av jentene har hatt veldig god framgang denne sesongen.

**Fair Play:** Trenerteamet har fokus på fair play og me har snakka med jentene om dette ved fleire høve.

**Sponsor:** Stor takk til: Loftesnes rekneskap som har bidrege med sponsormidlar til jenter 2010 denne sesongen.

**Trenarar:** Vegard Skjeldestad, Kathrine Sjøvoll, Rune Svedal, Linn Mari Nilsen, Silje Torvanger og Ingrid Skartun (Iagleiar)

Mvh

Ingrid Skartun

### Spelarar

Aurora Vee

Andrine Sjøvoll Øvstetun

Andrine Sønnesyn

Camilla Kvam

Eline Hollekve Holbø

Emilie Mannsåker Holme

Fride Bøyum

Guro Bjelde Hjelmhaug

Hedda Svedal

Janne Hodlekve

Katja Sæthre Ediassen

Kristina Seglem Håvgaard

Maiken Mardal

Maja Loftesnes

Mie Krogh Ravnstad

Natalie Dyrdal Øy

Tale Ylvisåker Førre

Vilde Lee Breili

Vilja Skartun Skjeldestad



## Årsmelding jenter 2011 (6år) sesongen 2017

Dette er den første sesongen til jenter 2011. Vi er ei stor gruppe der nesten alle jentene på årskullet deltek.

### Støtteapparatet 2017:

Trenarar: Jørn Skjeldestad, Linda Brusegard, Trine Ruud Sætre, Hans Jakob Walnum (frå hausten 2017)

Lagleiar: Morten Bøthun

### Spelarstallen 2017

Ellisiv Ramstad, Erle Gulbrandsen Langeteig, Hilde Løseth Grødal, Ine Drageset Ellingsen, Ingvil Barsnes, Isabel Bøthun, Jenny Slinde, Jenny Rygg Walnum, Kaia Barnses, Leah Ugulen-Resaland, Live Nedrelo Kyrkjebø, Madelen Selseng Bøyum, Maria Hågvær, Marie Nyvoll Aadland, May Danielle Berge, Natalie Brusegard Kvam, Oda Navarsete Husum, Pernille Kvam, Sigrid Munthe Olsen, Thea Haug, Thelma Ruud Westgård, Tilde Øyri Thue, Tiril Aksnes Skjeldestad, Tiril Habbestad Skorve, Tuva Dingsøy Eide.

### Turneringar:

Kongleriket miniputtturneringar Sogndal, Syril, Gaupne og Sogndal.

Eat Move Sleep Cup i Sogndal i okt 2017. 4 lag.

Vi hadde forskjellige lag i alle turneringane, slik at spelarane skulle få spele med ulike medspelarar. Det blir prøvd å lage så jamne lag som mogeleg. Det er viktig ettersom det blir mange internkampar i miniputtturneringane.

### Treningar:

Vi hadde treningar kvar onsdag frå april- november, med unntak av juli. Det var stor oppslutnad om treningane. Oftast 20-22 spelarar. Jentene er ivrige og likar å spele fotball. Vi har prioritert spel i øktene, og deler inn i ulike lag på kvar trening. Vi gjer også ulike øvelsar i deler av øktene. Vi vektlegg trivsel og tryggleik som er forutsetnader for meistring. Alle skal vera snille med kvarandre.



*Her er bilete av eit av laga på Eat Move Sleep turneringa i Sogndal okt 2017*

Dugnad:

Ingen dugnad for foreldra denne sesongen.

Lagsponsor:

Tannlege Bøthun AS

Oppsummering:

Ein ivrig gjeng som likar å spele fotball. Det overordna målet for 2011-jentene våre er at fotballen er eit positivt bidrag til jentene sin oppvekt og utvikling, både sosialt og fysisk.

Mvh

Morten Bøthun

Lagleiar jenter 2011, minijente 6 år sesongen 2017

## ÅRSRAPPORT SOGNDAL 3 – 2017

### Trenerteam

Kevin Lund Olsen har fremstått som hovedtrener hele sesongen, med Alexander Fredriksen som assistenttrener. Alexander har god erfaring med spill i Løv-Ham JR og Bjarg i 3.divisjon, hvor han i sistnevnte klubb har vært trener for klubbens juniorlag. Samarbeidet med Fjøra og Sogndal 2, har fungert godt, da Alexander var hjelpetrener for Fjøra mens Kevin var hjelpetrener for Sogndal 2. I sesongen 2018 fremstår begge disse som assistenttrenere for Sogndal 2. I tillegg har også Rut Loftesnes bidratt som oppmann og gjort en kjempejobb for laget, hun fortjener all ros.

### Seriespill

